



**KONSESJONSKRAFT IKS**

– vaktar rettane og tek vare på verdien

## Referat frå Porteføljeutvalet

**Møtestad: Vennesla herredshus**

**Dato: 7. november 2014**

**Tid: 10:00 – 12:00**

### Møtte:

John G. Bergh	Aust-Agder fylkeskommune
Svein Skisland	Vennesla kommune
Inge Hurv	Vest-Agder fylkeskommune
Svein Ove Nepstad	Åseral kommune
Tallak Hoslemo	Bykle kommune
Aasmund Lauvdal	Bygland kommune
Willy Hægeland	Froland kommune
Bjørgulv Sverdrup Lund	Styreleiar
Bent Sørensen	Controller
Arne Tronsen	Dagleg leiar
Anne Liv Lidtveit	Rådgjevar
Stein Magne Schanke	Rådgjevar økonomi og krafthandel

### Innkalling og sakliste

Ingen merknader til innkalling eller sakliste

### Referat frå PFU 10. oktober 2014

Ingen merknader.

### Rapport krafthandel per 31. oktober 2014

Rådgjevar Stein Magne Schanke orienterte.

Vi ønskjer å gjere justeringar i rapportane til neste gong.

Områdeprisen ligg jamt over under systemprisen, og dette tapar vi pengar på. Særleg stor skilnad mellom områdepris og systempris var det i slutten av oktober. Justerer nå budsjettet opp med 2 millionar, til totalt 10 millionar for 2014.

Det har vore utfordringar knytt til voluma som kjem inn frå Vest-Agder, på grunn av avtalane med Eramet og arbeidet med kontrakt i Sira-Kvina. Dette har gjort at vi har måtte rebalansere to gonger, begge gongene med gevinst. Vi ligg nå på 95 % sikring på Vest-Agder, med andre ord heilt etter strategiplanen.

Trading er for tida ei utfordrande oppgåve på grunn av lite svingingar i prisar og lite klare tendensar. På rådgjevande trading (vår eiga trading-portefølje) har vi hatt betre resultat siste dagane, og tapet er derfor minska. På aktiv forvaltning (Markedskraft si portefølje) ligg vi per nå med tap. Skal diskutere med Torbjørn Haugen i Markedskraft om korleis vi skal handtere dei to porteføljene framover.

Denne månaden var det ingen rapport frå Formuesforvaltning. Det vil bli laga rapport så snart tala er klare. Denne vil bli publisert på heimesida.

### **Budsjett 2015, og økonomiplan**

Dagleg leiar orienterte.

### **Status forhandlingar med Statkraft, Agder Energi Vannkraft AS og Sira-Kvina kraftselskap**

Dagleg leiar orienterte om arbeidet som er gjort så langt, og det vidare arbeidet med konsesjonærane.

### **Eventuelt**

Møtet 5. desember blei bestemt avlyst. Ein tek nytt møte på nyåret. Ein ønskjer seg møteplan koordinert med styremøta. Innkalling vil bli sendt i Outlook.

PFU ønskjer at det blir arbeidd med å få til ein tur med styret til Blåsjø-området. Vi kjem tilbake til dette.

Valle, 18.11.2014

Anne Liv Lidtveit